

STRAFFERETT -EKSAMEN 2012

Besvarelsen er kommentert av: Tron Løkken Sundet - Nestleder i Arbeidsretten, Cand.jur UiB 2000

Oppgåvedel 1

Saka gjeld om Lars Holm og Hans Tastad kan dømmast for brot på Straffelova § 229, siste straffalternativ og § 252, jf. § 257.

Innleiingsvis påpeikast det at politimeisteren ikkje har kompetanse til å ta ut tiltale mot brot på § 229, siste straffalternativ, jf. Straffeprosesslova § 67 (2), bokstav C. Tiltalteposten om brot på § 229, siste straffalternativ må difor avvisast av tingretten og utformast av kompetent påtalemyndigheit.

Kandidaten har her på en kortfattat og poengtert måte håndtert et prosessuelt kontrollspørsmål som var lagt inn i strafferettsoppgaven – kravet om at tiltale tas ut av kompetent påtalemyndighet.

Subsidiært blir det sett som ein føresetnad at tiltale om brot på § 229, siste straffalternativ er tatt ut av kompetent påtalemyndigheit.

Det er bra at kandidaten presiserer at drøftelsen for denne posten blir subsidiær.

Eventuell straffskuld hos Lars Holm og Hans Tastad vurderast kvar for seg.

Etter min vurdering er det greit at prinsippet om at hver deltaker må vurderes for seg slås kort fast i innledningen. Dersom vurderingene må bli den samme for medtiltalte, kan det i så fall kort vises til tidligere drøftelse.

Lars Holm vurderast fyrst.

Spørsmålet er om Lars Holm ved å streife Peder langs hovudbotnen med brekkjernet påførte han "skade[-r]" etter § 229.

Denne oppgaven (slik strafferettsoppgaver ofte gjør) gjelder et sammensatt hendelsesforløp. Dette kan reise oppgavetekniske utfordringer. I dette tilfellet får man et «typisk» § 229-hendelsesforløp hvor et første slag fører til noen bagatellmessige skader og senere dødsfall. Kandidatens problemstilling gir en grei innledning til drøftelsen – utgangspunktet for vurderingen er Holms slag, og drøftelsen videre gjelder dels om følgen oppfyller gjerningsbeskrivelsen, herunder spørsmålet om dødsfølgen inngår i dette.

I vurderinga vil det kun takast omsyn til det Lars har påført Peder. I høve til vurderinga frå lækjaren vart det konkludert med at hjerneblødninga "mest sannsynleg" vart påført av Lars.

Den første setningen i dette avsnittet kunne vært mer presis; den foregriper egentlig en del av det som kommer i den videre drøftelsen. Etter mitt skjønn ville det vært lettere å følge fremstillingen dersom kandidaten hadde begynt med grunddeliktet («skade»), og deretter tatt stilling til om det foreligger skade på helbred og dødsfølge.

Det ligg då føre ein viss tvil om kva som var årsaken til hjerneblødninga. Denne tvilen skal kome Lars Holm til gode og det leggjast til grunn at Lars ikkje påførte Peder hjerneblødninga.

Kandidaten viser her forståelse for det strafferettslige beviskravet, men det kunne ha vært formulert klarere slik at kandidaten hadde fått frem forskjellen på «mest sannsynlig» og det at det ikke skal foreligge rimelig tvil; formuleringen «viss tvil» blir for upresis.

Ordlyden i § 229 om "skade[-r]" talar om ein fysiologisk endring på kroppen grunna ytre omstender.

Det er likevel sikker rett at det må liggje føre ei meir kvalifisert skade for at det skal femne inn under § 229.

Høgsterett har vektlagt skada si lokalisering på kroppen, arten og omfanget av skada og om skada krevjer legebehandling for lækjast. Det avgjerande er ei heilskapleg vurdering.

Kandidaten presenterer de momenter som er brukt i rettspraksis ved vurderingen av om det foreligger en legemsbeskadigelse. Det gir en god innledning til drøftelsen. Fordelen med en slik formulering av vurderingstemaet, er at det bidrar til å «spisse» drøftelsen – det gir en viss ramme for vurderingen og hjelper å peke ut relevante faktiske momenter. For å få god uttelling på en besvarelse er det imidlertid ikke tilstrekkelig at man kan ramse opp momenter man husker fra lærebøkene eller rettsavgjørelser, men man må vise at man har forstått dem ved å anvende dem på det konkrete tilfellet.

Peder fekk eit kutt på hovudbotnen.

Høgsterett har vektlagt det slik at skadar på hovudet er det som lettast kan femne inn under § 229.

Eg forstår likevel faktum slik at kuttet er skjult under håret til Peder. Lokaliseringa av kuttet talar difor ikkje i særleg grad for at kuttet er ei "skade[-r]".

Arten og skada talar likevel for at det er ei "skade[-r]", då det er eit kutt.

På den andre sida var kuttet kun på 4 cm og difor ikkje særleg stort.

I tillegg var det ikkje naudsynt med behandling hos lækjar for at kuttet skulle lækjast. Dette talar for at kuttet ikkje var ei "skade[-r]" etter § 229.

Etter ei heilskapleg vurdering ligg ikkje føre ei "skade[-r]".

Kandidaten anvender her de momenter som presenteres foran, selv om drøftelsen blir litt oppstykket (det har nok dels sammenheng med at oppgaveteksten ikke gir så store bidrag ut over det kandidaten nevner her).

Lars Holm hadde ved å streife Peder langs hovudbotnen ikkje påført han "skade[-r]" etter § 229.

Lars Holm kan difor ikkje straffast for brot på § 229, siste straffalternativ.

Anførselen om naudverje takast seinare.

Lars Holm sin forsvarar har vidare halde fram at Lars i høgda kan dømmast for brot på § 228, fyrste straffalternativ.

Brot på § 228 er ikkje teke med i tiltalen.

Retten er likevel ubunden av det straffebodet som er nytta i tiltalen og kan på eige grunnlag vurdere § 228, jf. Straffeprosesslova § 38 (2).

Dette er en kort og grei behandling, men kandidaten kunne også nevnt det enkle poenget om at omsubsumering innenfor gradsbestemmelser ikke endrer det straffbare forholdets identitet.

Partane skal i så tilfelle få anledning til å uttale seg og om mogleg skal saka utsetjast, jf. Straffeprosesslova § 38 (3).

Etter § 228 kan den som "fornærmer [nokon] paa Legeme" straffast, jf. fyrste ledd. Spørsmålet er om Lars Holm ved å streife Peder langs hovudbotnen med brekkjernet "fornærmer [Peder] paa Legeme".

Ordlyden omfattar ufrivillig kontakt som kroppen blir utsett for.

Det er sikker rett at slag på kroppen til nokon er omfatta av § 228.

Lars Holm "fornærmer [Peder] paa Legeme" ved å slå han med brekkjernet.

En kort og grei behandling av dette; kandidaten viser godt skjønn ved å ikke bruke mye plass på det som er åpenbart. Merk også den enkle måten å få vist gjerningsbeskrivelsen i bestemmelsen og hvorfor forholdet rammes, : Kandidaten nevner det sentrale vilkåret i § 228 og henter inn de nødvendige opplysninger fra oppgaveteksten.

Andre straffalternativ kan ikkje nyttast, då skadeomgrepet i § 228 (2) etter forarbeida skal vere identisk med skadeomgrepet i § 229.

Spørsmålet er vidare om Lars har utvist tilstrekkeleg skuld etter § 228, fyrste straffalternativ. Skuldkravet er "Forsæt", jf. § 40.

Lars meinte å slå Peder med brekkjernet. Det ligg føre hensiktsforsett.

Når forsettskravet utvilsomt er oppfylt, er det fornuftig å gjøre behandlingen kortfattet. Det er fornuftig prioritering av tid og plass.

Lars har utvist tilstrekkeleg skuld etter § 228, fyrste straffalternativ.

Lars sin forsvarar har vidare halde fram at Lars handla i naudverje.

Etter § 48 (1) kan den som har handla i naudverje ikkje straffast.

Det er greit at det innledningsvis presiseres hvilken betydning det har at det foreligger nødverge.

For at naudverje skal vere aktuelt må den som utøver naudverje bli utsett for eit "rettstridig Angreb".

Etter ordlyden vil det at ein blir utsett for fysisk makt som det ikkje er adgang til ved alle høver vere omfatta.

Greit at dette slås fast på en kortfattet måte.

Spørsmålet er om Lars var utsett for eit "rettstridig Angreb" då Peder forsøkte å stogge Lars. Etter Straffeprosesslova § 173 kan den som blir teken på "fersk gjerning" og som ikkje "avstår" frå lovbrotet pågripast.

Fremstillingen kunne ha vært litt mer presis her. Det er bra at kandidaten ser denne problemstillingen, men overgangen fra spørsmålet som formuleres til selve drøftelsen er litt brå; det kandidaten tenker på er å drøfte om maktbruken har et grunnlag og derfor er rettmessig.

Desse vilkåra er innfridde og Peder hadde adgang til å pågripe Lars.

Etter Straffeprosesslova § 178 skal ein pågriping likevel skje så skånsamt som mogleg. Eg les faktum slik at Peder traff hovudet til Lars fleire gongar.

Dette overskrid objektivt sett grensene for kva ein kan gjere ved ein lovleg pågriping. Faktum gjev ikkje grunnlag for å drøfte Straffelova § 48, siste ledd.

Lars vart utsett for eit "rettstridig Angreb" då Peder forsøkte å stogge Lars.

Vidare må det drøftast om Lars har oppfylt krava til å handle i naudverje.

Etter § 48 (2) kan ein ikkje ha gått lenger enn det som "fremstillede sig som fornødent" for å avverje angrepet.

Etter ordlyden er gjerningsmannen sin subjektive oppfatning avgjerande, jf. "fremstillede" og prinsippet i § 42 (1).

Lars var i ein svært opphissa situasjon der det å kome seg unna vart prioritert. Dette kan likevel ikkje vere avgjerande, då det avgjerande er kva Lars trudde var naudsynt for å avverje angrepet, ikkje å kome seg unna.

Då faktum ikkje gjev særlege haldepunkt leggjast det til grunn at Lars kun gjorde det han trudde var tilstrekkeleg for å ikkje bli slått meir.

Dette er en god drøftelse av nødverge; kandidaten bruker ikke mer plass enn nødvendig på å få vurdert dette. Det er et poeng å få frem betydningen av den tiltaltes subjektive oppfatning (og ordlyden i § 48 kan sies å invitere til å presisere dette ved inngangen til drøftelsen), men drøftelsen må skille mellom situasjonen slik den er beskrevet i oppgaveteksten og situasjonen slik den ble vurdert av tiltalte. Kandidaten formulerer seg også noe uklart her når det legges til grunn at Lars bare gjorde det han trodde var

nødvendig, men det henger sammen med at oppgaveteksten gir få opplysninger om dette. Det kandidaten kunne ha fått klarere frem er at vurderingen av hva som er nødvendig vurderes ut fra hva slags angrep man forsvarer seg mot – det sier kandidaten ikke noe om.

Vidare må avverjinga av det rettstridige angrepet ikkje ha vore "ubetinget utilbørlig". Ordlyden peikar på ein etisk dom over handlingane til den som handla i naudverje, då vurderinga er objektiv.

Handlinga til Lars skjedde under tjuveri/ran. Det vil vere feil å kunne nytte naudverje som eit skalkeskjul for å utøve handlingar som gjer at ein kan fullbyrde eit tjuveri. Dette taler for at tilbørligheits-terskelen blir snevra særleg inn.

Det å slå nokon med eit brekkjern er å gå rimeleg langt i høve til når ein sjølv blir slått med bare nevar.

Dette er det lett å være enig i, og det er bra at kandidaten er kortfattet om dette.

Å slå Peder med brekkjernet var difor "ubetinget utilbørlig" av Lars.

Lars har difor ikkje fulgt krava til å handle i naudverje.

Straff etter § 228 kan òg vere aktuelt. Det er ikkje teke med i tiltaleposten, men det leggjast til grunn at slaget med brekkjernet er teke med i tiltalen sidan krava i Straffeprosesslova § 252 er oppfylt.

Å vurdere om Lars kan straffast for brot på § 232 vil difor ikkje vere å gå "utenfor det forhold tiltalen gjelder" og retten står fritt til å vurdere om § 232 kan nyttast, jf. Straffeprosesslova § 38, jf. (1), jf. (2).

Straff etter § 232 kan idømmast når brot på § 228 er utført ved eit "særleg farlig Redskab". Spørsmålet er om Lars ved å nytte brekkjernet mot Peder nytta eit "særleg farlig Redskab". Ordlyden talar om at gjenstanden objektivt sett må kunne nyttast på ein måte som gjev eit stort faremoment.

Høgsterett har vektlagt det slik at om gjenstanden er nytta på ein slik måte at faremomentet blir særleg større enn det vanleg bruk skapar, så kan bruken vere omfatta av føresegna.

Bra at kandidaten kort forklarer hva som menes med særleg farlig redskap, men kunne nok ha vært litt mer kortfattet, f eks ved å slå sammen de to avsnittene foran til en mer konsentrert angivelse av hva som ligger i lovens vilkår; den videre drøftelsen blir jo ganske kort når dette ikke er tvilsomt.

I vår sak har Peder nytta eit brekkjern som slagvåpen. Dette kan nyttast på ein særleg farleg måte og bruken skapar eit vesentleg større faremoment enn det vanleg bruk gjer.

Lars nytta eit "særleg farlig Redskab" ved å nytte brekkjernet mot Peder.

Lars kan dømmast for brot på § 228, fyrste straffalternativ, jf. § 232.

Vidare må det drøftast om Lars Holm kan straffast for brot på § 258, jf. § 257.

Det ligg ikkje føre nokon bevis for at Lars har teke noko frå dei tidligare tjuveria hos Snarkjøp AS.

Det er difor tvil om kven som har utført tjuveria og denne tvilen skal kome tiltalte til gode.

Kandidaten viser god forståelse ved å være såpass kortfattet om dette

I framstillinga vidare vil difor kun tjuveria 20. august 2011 bli vurdert. Det leggjast til grunn at heile partiet av sigarettar forsvann.

Lars har halde fram at dei eventuelle tjuveria i butikk og bustad måtte sjåast på som ein fortsatt forbryting.

Dette er god oppgaveteknikk; kandidaten adresserer de anførsler som finnes om dette i oppgaveteksten og kommenterer den på et passende sted i fremstillingen.

Utgangspunktet er at det er like mange lovbrøt som fornærma.

I vår sak er både Peder og Snarkjøp AS fornærma, då dei er ulike rettssubjekt.

Utgangspunktet er likevel ikkje absolutt ved formuesforbrytingar og kan fråvikast ved ei vurdering om det ligg føre ein fortsatt forbryting.

Det er sikker rett at det avgjerande i vurderinga av om det ligg føre ein fortsatt forbryting er ei heilskapleg vurdering ut frå tid, stad og forsett.

I vår sak skjedde dei to hendingane på same stad, til same tid og ved fortsett om å ta gjenstandane.

Dei to eventuelle tjuveria i butikk og bustad må difor sjåast på som ein fortsatt forbryting.

En kort og konsentrert fremstilling av dette; kandidaten viser kjennskap til de momenter som er vektlagt i rettspraksis og anvender dem.

Vidare drøftast det om Lars har gjort seg skuldig i brot på § 257 og § 258.

Etter § 257 straffast den som "borttar" ein gjenstand som tilhøyrer ein annan og når gjerningsmannen gjer dette for å få ein "uberettiget vinning" ved "tilegnelsen" av gjenstanden.

Spørsmålet er om Lars "borttar" tobakken og sølvskeiene. Det vil her bli skilja mellom dei to.

Ordlyden "borttar" tyder på at gjerningsmannen har byrja å råda over gjenstanden.

Lars "borttar" klart tobakken til ein verdi av 60.000 kr, då denne blir lasta i bilen.

Lars har likevel kun teke sølvskeiene ut av skuffa og lagt dei på ein bord.

Faktum er likt Kjøttlår-dommen, der tiltalte hadde teke eit kjøttlår ut av ei tønna og lagt det på ein annan tønne. Høgsterett meinte at gjerningsmannen hadde borttatt kjøttlåret sidan han hadde teke det frå sin opprinnelege plass og byrja å råda over det.

Kandidaten gjør god bruk av praksis i drøftelsen – i dette tilfellet ved å bruke saksforhold til sammenligning med oppgaveteksten.

Det leggjast difor til grunn at Lars "borttar" sølvskeiene.

Båe sølvskeiene og tobakken "tilhører" ein annan.

Den objektive gjerningsbeskrivinga i § 257 er difor innfridd.

Kravet til subjektiv skuld er "Forsæt", jf. § 40. Det ligg føre hensiktsforsett.

Vidare krevjer § 257 subjektivt overskot ved at gjerningsmannen må ha hatt til hensikt å skaffe ein "uberettiget vinning" ved "tilegnelsen" av gjenstanden.

I dette ligg det at gjerningsmannen må ha villa skaffe seg ei vinning han ikkje hadde krav på då han tok gjenstanden.

Det er klårt at Lars hadde til hensikt å få "uberettiget vinning" ved "tilegnelsen" av tobakken og sølvskeiene.

Lars Holm er skuldig i brot på § 257.

Vidare må det vurderast om Lars Holm er skuldig i grovt tjuveri, jf. § 258, jf. § 257. Det avgjerande er ei heilskapleg vurdering, jf. "særlig legges vekt på".

Etter § 258 (2) skal det vektleggjast om tjuveriet er gjort ved innbrot etter § 147.

Lars Holm tok nøkkelen til Peder og låste seg inn i privatbustaden hans. Lars tok seg då "uberettiget adgang" ved "rett nøkkel" inn i huset til Peder og det ligg føre innbrot etter § 147. Dette talar for at det òg ligg føre eit grovt tjuveri etter § 258.

Kandidaten finner det relevante alternativet i § 147.

I tillegg skal det òg vektleggjast om tjuveriet gjaldt ein "betydelig verdi".

Ordlyden gjev liten rettleiing, men Høgsterett har satt som retningsline at grensa går ved 80 000 kr.

Det leggjast til grunn at sølvskeiene ikkje er verdt 20 000 kr og vår sak ligg difor under retningslina fastsett av Høgsterett.

Det avgjerande er likevel ei heilskapleg vurdering. Verdien av tjuvgodset isolert sett talar ikkje for grovt tjuveri, men kumulert med at tjuveriet skjedde ved innbrot er dette eit tungtvegande argument for at det ligg føre grovt tjuveri.

Kandidaten får til en god drøftelse her.

Lars Holm er skuldig i grovt tjuveri, jf. § 258, jf. § 257.

Det kan òg vere grunn til å kumulere høvet under § 268.

Retten har adgang til dette, jf. Straffeprosesslova § 38 (2), men partane må gjevast melding om det, jf. (3).

Etter sikker rett inneheld "ran" etter § 267 likevel eit element av vald i seg, jf. "bemektiger". Ordlyden talar om at valden må kome ved tileigninga av gjenstanden som skjer.

I vår sak har det kun blitt utøvd vald etter at tjuveria vart fullbyrda, slik at Lars ikkje "bemektiger" seg tobakken og sølvskeiene.

Det er difor ikkje adgang til å nytte ransføresegna i § 268.

Etter min mening kunne kandidaten ha utelatt denne drøftelsen; fremstillingen viser jo klart at dette ikke er en aktuell bestemmelse.

Lars Holm kan straffast for grovt tjuveri, jf. § 258 og § 257 og for brot på § 232, jf. § 228, fyrste straffalternativ.

Vidare må det vurderast kva straffansvar Hans har pådrege seg.

Hans kan ikkje straffast for medverknad til brot på § 229, siste straffalternativ, då det ikkje har skjedd ein "skade[-r]", jf. tidlegare i drøftinga.

Her burde kandidaten ha drøftet under den forutsetning av at det foreligger legemsbeskadigelse.

Det er likevel adgang til å omsubsumering under § 228, jf. Straffeprosesslova § 33 (2) og tidlegare i drøftinga.

(Kandidaten sikter vel til § 38.)

Peder har blitt "fornærme[t] (...) paa Legeme", jf. tidlegare.

Det er adgang til å straffe medverknad, jf. "medvirker".

Spørsmålet er om Hans "medvirker" i at Peder blir slått med kubeinet av Lars.

Vurderinga må ta utgangspunkt ved psykisk medverknad.

Ordlyden "medvirker" tyder på at bidraget frå personen må ha vore ein medverknande faktor i årsakssammenheng som førte til fornærminga på lekam.

Det er sikker rett at det ved psykisk medverknad krevjer positivt tilskunding av hovudgjerningsmannen sitt forsett.

Kandidaten formulerer det riktige vurderingstemaet.

Lars hadde til hensikt å slå Peder, jf. tidlegare. Då Hans ropte "bli kvitt ham", er det nærliggande å tolke det slik at Lars forstod det slik at Hans ville bli kvitt Peder med makt. Hans har difor positivt tilskunda Lars sitt forsett om å slå Peder for å bli kvitt hans.

Kandidaten får på en kort og grei måte frem hvordan uttalelsen påvirker Holms forsett.

Vidare må det avklårast om Hans har utvist tilstrekkeleg skuld.

Skuldkravet er "Forsæt", jf. § 40.

Hans har halde fram at han kun meinte at Lars skulle skubbe Peder ut av bilen. Det låg difor ikkje føre hensiktsforsett.

Det er ikkje grunnlag for å drøfte sannsynlighetsforsett eller dolus eventualis.

Hans hadde difor ikkje til "Forsæt" å styrke Lars i sitt forsett, der Lars hadde som forsett å slå Peder med brekkjernet.

Hans hadde til fortsett at Lars skulle skyve Peder vekk, som i seg sjølv er formærming på lekam etter § 228. Dette er likevel ikkje relevant, då innhaldet i forsettet må vere at ein vil positivt tilskunde den handlinga som hovudgjerningsmannen gjer.

Det er bra at kandidaten viser kjennskap til kravet til dobbelt forsett, men oppgaveteksten viser etter min vurdering klart at det er oppfylt; han erkjenner at han med sin uttalelse ville at Holm skulle skyve bort Ås. Det dekker både legemsfornærmelsen og at uttalelsen medvirker til å gjennomføre dette. I sensorveiledningen er det også merknader om mulig passiv medvirkning, men det trekker ikke særleg ned at kandidaten har utelatt dette i sin fremstilling.

Hans har ikkje utvist tilstrekkeleg skuld.

Hans kan ikkje dømmast for medverknad på brot på § 228, fyrste straffalternativ. Vidare må det avgjerast om Hans kan straffast for brot på § 258, jf. § 257.

Objektivt sett har det blitt utført eit grovt tjuveri, jf. tidlegare.

Spørsmålet er om Hans "medvirker" til det grove tjuveriet.

Hans "medvirker" klart til tjuveriet av tobakken, då hans laster den inn i bilen. Det ligg òg føre forsett om å ta tobakken og vinnings hensikt for seg sjølv eller for Lars.

Kort og greit om dette.

Hans kan difor straffast for brot på § 257.

Hans har halde fram at han måtte frifinnast for det som skjedde i bustanden til Peder.

Det ligg ikkje føre noko prinsipp om aktiv identifikasjon i strafferetten.

Utgangspunktet er likevel at ein som har medverka vil vere ansvarleg også for det som andre har teke, jf. Rt. 1974 s. 622, med mindre anna er særskilt avtala. Regelen er likevel delvis grunna i bevismessige omsyn, slik at den ikkje får fullt gjennomslag i vår sak.

På den andre sida er det sjeldant ein blir samde på førehand om kva ein skal stjele. Ein "etterfølgande godkjenning" om kva ein kunne stele virkar gunstig og tenar kun for å tillegge gjerningsmenn mindre straffansvar.

Det er ikke innlysende hva kandidaten vil frem til her.

Utgangspunktet i Rt. 1974 s. 622 kan difor leggjast til grunn i vår sak. Etter dommen kan medverkaren gå fri om hovudgjerningsmannen i vesentleg grad avvikar det ein kan forvente. Spørsmålet er difor om Lars i vesentleg grad gjekk utøver det som kunne forventast då han og Hans stal tobakken.

Lars sine handlingar inneber element som ikkje nødvendigvis er omfatta av vanleg tjuveri, herunder innbrot. I tillegg stal Lars sølvskeiene.

Handlingane er likevel ikkje i altfor stor grad annaleis enn det ein kunne forvente.

Lars hadde difor ikkje i vesentleg grad gått utover det som kunne forventast då han og Hans stal tobakken.

Hans kan ikkje frifinnast for det som skjedde i bustaden til Peder. Hans har nemleg òg positivt tilskunda Lars i sitt forsett om tjuveriet, og handlingane til Lars "følger då med på kjøpet".

Kandidaten får til en god behandling av dette, men den har en uklarthet ved seg: Det er uklart om kandidaten mener denne begrensningen knytter seg til gjerningsbeskrivelsen eller forsettskravet (sammenlign den innledende henvisningen til at det ikke gjelder normer om aktiv identifikasjon og de avsnitt som følger umiddelbart etter denne om de ulike hensyn). Den avgjørelsen det vises til i drøftelsen reiste spørsmål om skyldregelen begrenset straffansvaret. Den konkrete drøftelsen til kandidaten indikerer at kandidaten tenker på spørsmålet om hva forsettet dekker. Jeg savner også en innledende presisering av hvorfor kandidaten mener det (objektivt sett) foreligger medvirkning – det som sies om medvirkning til borttakelse av sigarettene dekker jo ikke borttakelse av sølvtøyet; for det siste er poenget den felles opptreden og selve vaktholdet under tyveriet som styrker forsettet.

Hans kan dømmast for brot på § 258, jf. 257.

Oppgåvedel 2

Utmålinga av straff må ta utgangspunktet etter retningslinjer fastsett i rettspraksis.

I denne delen av fremstillingen «glemmer» kandidaten lovteksten; dette gjelder særlig § 28a som må danne utgangspunktet for vurderingen av om det kan idømmes samfunnsstraff. Kandidaten sier i og for seg heller ikke så mye om hvilke retningslinjer det siktes til.

Vinningsforbrytingar er i kjerneområdet for tilfeller der det blir idømt samfunnsstraff. Dette, kombinert med at Lars er ung og ustraffa, talar for samfunnsstraff.

På den andre sida har han utøvd fleire større tjuveri. Dette talar mot samfunnsstraff.

Grunngjevinga for å gje samfunnsstraff er i hovudsak individualpreventive omsyn. Dette omsynet står ikkje like sterkt ved brot på § 229, der Høgsterett har uttala at normalstraffa er 60 dagar med betinga fengsel.

Grunna av at det er gjort fleire lovbrot på § 258, samt at samfunnsstraff ikkje er normal ved brot på § 228 kan det ikkje idømmast samfunnsstraff.

Det er ikkje aktuelt å idømme Lars Holm samfunnsstraff.

Dette er en god besvarelse, selv om den ikke er feilfri. Den har imidlertid mye som kan gi veiledning for oppgaveløsning: Det første man skal merke seg er at kandidaten skiller mellom de ulike problemstillinger som tas opp, og balansen mellom dem – det som er opplagt gjøres kort og mens det brukes plass på det som er mer tvilsomt. De sentrale problemstillingene blir behandlet, og kandidaten har jobbet med disponeringen av fremstillingen, som stort sett har en logisk oppbygning.. Besvarelsen preges også av god

metode – drøftelsene innledes med presentasjon av problemstilling, og deretter angis det vilkåret som skal behandles og innholdet i dette, noen ganger også med mer grundige redegjørelser for tolknings spørsmål